



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2018

Investeringar ekskl. Bergen - Miljøløftet  
Drift og vedlikehald av fylkesvegane inkl. Bergen

# Innhold

<b>FØREORD</b> .....	<b>3</b>
<b>TOTAL PRODUKSJON I 2018</b> .....	<b>4</b>
<b>MÅL OG STRATEGIAR</b> .....	<b>5</b>
<b>MERKEDAGAR I 2018</b> .....	<b>6</b>
<b>RESULTAT FRÅ ÅRET SOM GJEKK</b> .....	<b>7</b>
Store, strekningsvise prosjekt.....	7
Rassikring.....	13
<b>FORNYING OG OPPRUSTING</b> .....	<b>14</b>
Mindre utbetringar .....	14
Kollektivtiltak .....	14
Trafikksikringstiltak .....	15
Gang- og sykkeltiltak .....	15
Miljøtiltak .....	15
Prosjekt under planlegging .....	16
Bruer og ferjekaiar .....	17
Tunnelar.....	17
Forsterkning .....	18
<b>DRIFT OG VEDLIKEHALD AV FYLKESVEGANE</b> .....	<b>21</b>
Driftskontraktar i Hordaland.....	22
<b>ÅRSOPPGJERET</b> .....	<b>24</b>
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>25</b>

# Føreord

Fylkesvegnettet strekkjer seg over om lag 3 000 km veg og meir enn 200 km gang- og sykkelveg, og har stor variasjon i standard og årsdøgntrafikk (ÅDT). Utfordringane i indre del av fylket er ofte knytt til ras- og flaumfare, vinterdrift og å sikre tenlege transportårer mellom dei ulike regionsentra. I kommunane langs kystlinja er det særleg mykje trafikk, og her har vi eit spesielt fokus på god trafikkflyt og framkome for alle typar trafikantar. Dette gjeld ikkje minst i Bergensområdet, der Bergen og kommunane rundt deler eit felles bu- og arbeidsområde. For investeringar på fylkesvegnettet i Bergen, finansiert over Miljøløftet, er det utarbeidd ei eiga årsmelding.

Hordaland fylkeskommune sin Regional transportplan Hordaland (RTP) er gjeldande for perioden 2018-2029 og har tilhøyrande Investeringsprogram for fylkesvegnettet for 2018-2029. Desse dokumenta legg rammene for det som skjer på fylkesvegnettet i Hordaland, og er soleis fylkeskommunen sin gjennomføringsplan for perioden. I dei årlege investeringsprogramma vert detaljane for investeringsbudsjettet sett. Budsjett for fylkesvegnettet (utanom Bergen) hadde ei totalramme på omlag 1,3 mrd. kr. Av dette var budsjettet for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet på 562,2 mill. kr. Drift- og vedlikehaldsbudsjettet gjeld heile fylkesvegnettet inkludert Bergen kommune.

I 2018 mista åtte personar livet på vegane i vårt fylke. Dette er lågare enn gjennomsnittet dei siste ti åra. Av dei åtte som omkom, var det tre på fylkesvegnettet. Trafikkulukkesstatistikken viser at særleg utforkøyrings- og møteulukker dominerer i Hordaland, og innsatsen mot desse ulukkestypane bør aukast.

Denne årsmeldinga er delt i to, der fyrste del er ein omtale av planlagde og gjennomførte prosjekt på fylkesvegane utanom Bergen i 2018. Desse investeringstiltaka omhandlar alt frå etablering av nye venteskur og bygging av gang- og sykkelvegar, til store tunnelprosjekt. Totalt omfattar

dette om lag 2 600 km fylkesveg. Den andre delen av årsmeldinga gjeld drift og vedlikehald av alle fylkesvegane i Hordaland. I denne omtalen er fylkesvegane i Bergen kommune inkludert.

Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også Statens vegvesen det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. I nokre få høve er det andre, gjerne kommunane, som er byggherre på investeringsprosjekta. Statens vegvesen godkjenner at anlegg er i tråd med forskrifter og regelverk før dei overtek vegen. Utarbeidinga av denne årsmeldinga har skjedd i nært samarbeid med Statens vegvesen.

Ei sentral målsetting i RTP er å prioritere utbetring av fylkesvegnettet framfor nye større vegprosjekt. Løyvinga til opprusting og fornying er derfor gradvis auka dei siste åra. Det er spesielt gledeleg at Statens vegvesen i 2018 har gjennomført forsterkningstiltak på til saman 90 mill. kr, som er 20 mill. kr meir enn i 2017.

**Ingrid Holm Svendsen**  
kst. fylkesrådmann



# Total produksjon i 2018

Samla investeringsbudsjett for fylkesvegar utanom Bergen var i 2018 769,2 mill. kr, der den fylkeskommunale løyvinga var på 504,9 mill. kr. Det vart sett av 444,1 mill. kr til drift og 118,1 mill. kr vedlikehald i årsbudsjettet for 2018. Dette gjeld heile Hordaland.

Rekneskapen viser eit totalt forbruk på 651,7 mill. kr til investeringstiltak på fylkesvegnettet utanom Bergen. Dette er eit mindreforbruk på 117,5 mill. kr. samanlikna med budsjettet. Dei seinare åra er det etablert fleire bompengepakkar, og mange av investeringane på fylkesvegnettet er med det delvis finansiert med bompengar. I 2018 omfatta dette totalt 235,8 mill. kr av investeringane utanom Bergen.

Det vart nytta 663,8 mill. kr til drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i heile Hordaland, på det som SVV har ansvar for gjennom leveranseavtalen. Dette er eit meirforbruk på 101,6 mill. kr, samanlikna med budsjettet. Netto meirforbruk i HFK-rekneskapen vart lågare, i hovudsak på grunn av meir momskompensasjon en budsjettet.

Nokre mindre utgifter til trafikksikring, innfartsparkering og midlar til punktutbetaling som kommunane vert tildelt etter søknadsrunde vert ført direkte HFK-rekneskapen, så dette

er ikkje inkludert i tala ovanfor. Tildeling av «søkbare» midlar for kommunane vert vedteke gjennom eigne politiske saker. Tala ovanfor gjeld totalproduksjon for fylkesvegnettet som Statens vegvesen gjennomfører.

## Investeringsbudsjett

Hordaland ekskl. Bergen

**769,2 mill. kr**


av dette fylkeskommunal løyving  
504,9 mill. kr

## Drift og vedlikehald

Hordaland inkl. Bergen

**562,2 mill. kr**

Figur 1: Fordeling mellom investering, drift og vedlikehald i budsjettet





# Mål og strategiar

I Regional transportplan Hordaland 2018-2029 (RTP) er det sett mål for transportfeltet i Hordaland.

Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Hovudmålet for trafikksikringsarbeidet i Hordaland er sett i samsvar med det nasjonale målet. Målet er at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024, og vidare til 33 i 2030. Dette inneber samtidig at målet for 2019 vert ein reduksjon i talet på drepne og hardt skadde til 60 personar.

## Strategiar for utvikling av fylkesvegnettet

- Vere tydeleg på standardval i tidleg fase av nye vegprosjekt.
- Legge nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og punkttiltak.
- Prioritere vedlikehald og utbetring på fylkesvegnettet, framfor nye større vegprosjekt.
- Auke innsatsen på vedlikehaldssida gjennom å auke rammene til fornying og opprusting.
- Utføre gjennomgåande strekningsvise standardhevingstiltak med vedlikehaldskaraktar, kombinert med nye


investeringstiltak på det overordna fylkesvegnettet.

- Utføre punktutbetring og mindre strekningsutbetring på det øvrige fylkesvegnettet.
- For å møte noverandre og kommande klima- og miljøutfordringar, og for å gjere vegen trygg å ferdast på, må det løyvast midlar til å utbetra og sikre vegkroppen. Dette inneber ei prioritering av tiltak på drenering, reinsk og grøfter.
- Prioritere trygge skulevegar, og særlege trafikksikringstiltak, slik som «Hjertesone» rundt skulane. Legge til rette for auka gange og sykling.

Nullvisjonen om eit transportsystem som ikkje fører til drepne eller hardt skadde, ligg fast. Sjølv om det er ein relativt stor nedgang i talet på drepne og hardt skadde på vegane i Hordaland sidan 2000, har fylket utfordringar når det gjeld å få ned ulukkestaten. I Hordaland utanom Bergen er det absolutt størst utfordringar knytt til utforkøyrings- og møteulukker. I by- og tettstadsområda er ulukker som involverer mjuke trafikantar ei utfordring. Det er store mørketal på eineulukker blant fotgjengarar og sykkistar grunna mangelfull registrering. Talet på drepne i trafikken på vegane i Hordaland i 2018 var åtte personar, og av desse omkom tre personar på fylkesvegnettet.

Det er formulert klare ambisjonar i både Nasjonal transportplan og Regional transportplan om at veksten i persontransport i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Når det gjeld tal for kollektivtrafikken, viser passasjerstatistikken for 2018 at talet på kollektivreisande i Hordaland framleis er i vekst. I 2018 var det 73 mill. påstigande på buss, bybane og båt i Hordaland. I 2017 viste statistikken for Hordaland 69,9 millionar kollektivreisande. Den prosentvise auken er på 4,4 prosent. Totalt var det 8,4 mill. påstigande i Hordaland utanom Bergen, ein auke på 1,5 prosent sidan 2017. Om lag halvparten av alle kollektivreiser i Hordaland utanom Bergen er skulereiser. Tal for kollektivtrafikken er nærare omtalt i eiga årsmelding.



Figur 2: Målkurve for Hordaland 2014-2024

# Merkedagar i 2018

## VÅR

### 6. april:

Vegopning fv. 6 Buamyr-Grimstveit



### 11. april:

Fem vegopningar i Bømløpakken;  
fv. 542 Røyksund bru,  
fv. 541 Hestaneset-Tjong,  
fv. 541 Tjong-Løvegapet,  
fv. 23 Svortland sør og  
fv. 19 Agakrysset-Rolfsnes

### 15. juni:

Vegopning fv. 48 Lundsneset

## HAUST

### 19. oktober:

Vegopning Askøypakken fv. 212 Lindhaugen-Slettebrekka



### November:

Jentene i «GRL PWR» vann trafikksikringsprisen 2018



### 11. desember:

Fylkestinget vedtok budsjettet for 2019 og  
Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2019-2029




# Resultat frå året som gjekk

## STORE, STREKNINGSVISE PROSJEKT

I fylkesvegbudsjettet vart det sett av 100,3 mill. fylkeskommunale kroner til store, strekningsvise prosjekt på fylkesvegnettet utanom Bergen. I tillegg kjem bompengar,

tilskot og forskot, som totalt gav 344,8 mill. kr til disposisjon. Rekneskapen viser eit totalforbruk på 319,6 mill. kr.



Kart 1: Store strekningsvise prosjekt

Tabell 1: Store strekningsvise prosjekt

Nr	Fv. nr	Prosjekt	Kommune
1	Fv. 545	Stord vestside	Stord / Fitjar
2	-	Kvammapakken	Kvam
3	-	Bømlopakken	Bømlo
4	-	Askøypakken	Askøy
5	-	Nordhordlandspakken	Fleire
6	Fv. 6	Haugalandspakken, Bu-amyrg-Grimstveit	Sveio
7	Fv. 218	Horsøy	Askøy

Nr	Fv. nr	Prosjekt	Kommune
8	-	Kollektivterminal Voss	Voss
9	Fv. 546	Austevollbrua	Austevoll
10	Fv. 161	Åsen - Helleskaret	Os
11	Fv. 551	Folgefonntunnelen	Kvinnherad / Odda
12	Fv. 48	Tilskot Kvinnherad	Kvinnherad



## Stord vestside



Totalt  
**135**  
mill. kr

2018  
**14,9**  
mill. kr

Føremålet med denne bompengepakken er å utbetre fv. 545 mellom Fitjar og Sagvåg. Prosjektet inneber opprusting av veg og bygging av gang- og sykkelveg frå Fitjar sentrum til Vik, utbetringar ved kommunegrensa, ny bru i Sagvåg, og utbetringstiltak i Sagvåg sentrum.

Innkrevjinga av bompengar fann stad i åra 2013–2016, og det vart totalt kravd inn nær 94 mill. kr (netto). I tillegg kjem fylkeskommunal løyving og forskottering på 17,5 mill. kr, i tillegg til meirverdiavgift. Heile prosjektet har med det ei ramme på vel 135 mill. i løpande kroner.

Vegutbetringa langs Fitjar–Rimbareid og ny Sagvåg bru er ferdigstilt. I 2018 vart prosjekta fv. 545 Rimbareid-Vik og fv. 545 Rundkjøring Snikkarsvingen ferdig, og det har vore bygging i miljøgata gjennom Fitjar sentrum. Reguleringsplanlegging pågår for fv. 545 ved kommunegrensa, og vart sendt Fitjar kommune i løpet av 2019.




Før



Etter

Sagvåg bru før og etter



Kart 2: Prosjekt Stord vestside

Tabell 2: Status i prosjekta på Stord vestside

Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018
1	Fv. 545 Fitjar - Rimbareid	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Ferdig
2	Fv. 545 Sagvåg bru	Ny bru	Ferdig
3	Fv. 545 Kommunegrensa	Vegutbetring	Reguleringsplan pågår
4	Fv. 545 Rimbareid - Vik	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Ferdig
5	Fv. 545 Restarbeid Fitjar sentrum	Vegutbetring	Under bygging
6	Fv. 545 Sagvåg sentrum	Vegutbetring, fortau, rundkøyring	Ferdig

Tabell 3: Innkravde bompengar

	Mill.kr.
Innkravde bompengar i 2013	23,9
Innkravde bompengar i 2014	25,6
Innkravde bompengar i 2015	22,7
Innkravde bompengar i 2016	23,3
<b>Totalt innkravde bompengar</b>	<b>95,5</b>

(bompengeinnkrevinga vart avslutta i 2016)



## Kvammapakken




**Totalt**  
440  
mill. kr

**2018**  
24,6  
mill. kr

Føremålet med bompengepakken er å utbetre og sikre delar av vegnettet i Kvam herad. Kvammapakken omfattar ni delprosjekt og tiltak på fv. 7 og fv. 49, og er finansiert med fylkeskommunale midlar og bompengar. Bompengepakken omfattar mellom anna opprusting av veg og gang- og sykkelveg mellom Øystese og Norheimsund, og mellom Norheimsund og Vikøy. Det vert med dette etablert gode gang- og sykkeløysingar heilt frå Børvenestunnelen til Vikøy, samstundes som framkome for biltrafikken er betra.

I 2018 vart strekninga fv. 7 Nes-Norheimsund slutført, saman med ei mindre delstrekning på fv. 7 Skarpasvingen-Øystese.



Kart 3: Kvammapakken



Lingaparsellen

Tabell 4: Status prosjekt i Kvammapakken

Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018
1	Fv. 7 Øystese - Nes, Børvenestunnelen	Tunnel, rundkøyring, ny veg	Ferdig
2	Fv. 49 Vikøy - Norheimsund	Utviding av veg, gang- og sykkelveg	Ferdig
3	Fv. 7 Bosstippen	Utviding av veg, rassikring	Manglar finansiering
4	Fv. 7 Steinstøberget	Utviding av veg, rassikring	Manglar finansiering
5	Fv. 7 Øystese aust - Skarpasvingen	Utviding av veg, fortau, tunnel	Delvis utført
6	Fv. 7 Nes - Norheimsund	Utviding av veg, fortau	Ferdig
7	Fv. 49 Lingaparsellen	Utviding av veg, busslommer	Ferdig
8	Fv. 7 kryss Granvin	Kollektivtiltak, infoplass	Delvis utført
9	Fv. 7 Kvamskogen	Utviding av veg, gang- og sykkelveg	Manglar finansiering

	Mill.kr.
Innkravde bompengar i 2011	29,2
Innkravde bompengar i 2012	27,0
Innkravde bompengar i 2013	27,2
Innkravde bompengar i 2014	29,9
Innkravde bompengar i 2015	29,4
Innkravde bompengar i 2016	31,2
Innkravde bompengar i 2017	31,8
Innkravde bompengar i 2018	32,5
<b>Totalt innkravde bompengar</b>	<b>238,2</b>

Tabell 5: Innkravde bompengar Kvammapakken

## Bømlopakken



Totalt  
**1003**  
mill. kr

2018  
**62,1**  
mill. kr

Føremålet med Bømlopakken er å gje betre framkome og eit meir trafikkikkert vegnett på Bømlo. Dette er ein stor bompengepakke med mange ulike prosjekt. Dei fleste prosjekta er på fv. 541 og fv. 542. Kostnadsramma i stortingsproposisjonen for Bømlopakken var på 1 003 mill. 2009-kr. Prosjektet er finansiert av fylkeskommunen, bompengar og lokale og kommunale tilskot.


I 2018 var det heile fem vegopningar i Bømlopakken, då prosjekta fv. 542 Røyksund bru, fv. 541 Hestaneset-Tjong, fv. 541 Tjong-Løvegapet, fv. 23 Svortland sør og fv. 19 Agakrysset-Rolfsnes, vart opna.



Vegopning Bømlopakken

Tabell 6: Innkravde bompengar

	Mill.kr.
Innkravde bompengar i 2013	34,4
Innkravde bompengar i 2014	49,8
Innkravde bompengar i 2015	47,9
Innkravde bompengar i 2016	56,6
Innkravde bompengar i 2017	60,3
Innkravde bompengar i 2018	58,4
<b>Totalt innkravde bompengar</b>	<b>307,4</b>



Kart 4: Bømlopakken

Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018
1	Fv. 541 Langevåg - Løvegapet	Vegutbetring og trafikkisikring	Ferdig
2	Fv. 11 Langevåg - Eidesvik	Vegutbetring og trafikkisikring	Ferdig
3	Fv. 542 Hollundskjosen - Hollundsdalen	Vegutbetring og GS-veg	Ferdig
4	Fv. 541 Rundkøyring Rubbestadneset	Vegutbetring og GS-veg	Ferdig
5	Fv. 541 Hollundsdalen - Stokkabekken	Vegutbetring og GS-veg	Ferdig
6	Fv. 541 Stokkabekken - Rubbestadneset	Ny veg, GS-veg, tunnel og bru	Ferdig
7	Fv. 542 Svortland - Økland	Vegutbetring, ny veg, GS-veg	Ferdig
8	Fv. 542 Stokkabekken - Siggjarvåg	Ny veg, toplanskryss	Ferdig
9	Fv. 542 Røyksund - Eikeland (sør)	Vegutbetring, GS-veg, bru	Ferdig
10	Fv. 542 Røyksund - Eikeland (nord)	Vegutbetring, GS-veg, bru	Ferdig
11	Fv. 18 Urangsvåg - Brandasund (Klubbo)	Vegutbetring, fortau	Ferdig
12	Fv. 18 Laukhammarkjosen - Urangsvåg	Vegutbetring, fortau	Ferdig

Tabell 7: Status prosjekt i bømlopakken (fortset på neste side)

Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018
13	Fv. 541 Hestaneset - Tjong	Vetutbetring, ny veg, bru	Ferdig
14	Fv. 541 Tjong - Løvegapet	Vegutbetring, GS-veg	Ferdig
15	Fv. 19 Rubbestadneset - Rolfsnes	Breiddeutviding, møteplassar	Ferdig
16	Fv. 541 Sakseid - Hestaneset	Vegutbetring, GS-veg, tunnel	Klart for utlysing
17	Fv. 541 Ekornsæter - Sakseid	Vegutbetring, GS-veg, tunnel	Reguleringsplan pågår
18	Fv. 12 Sakseid - Grønnevik	Breiddeutviding, møteplassar	Reguleringsplan pågår
19	Fv. 542 Notland - Mosterhamn	Vegutbetring, GS-veg	Reguleringsplan pågår
20	Fv. 23 Tormodsæter - Gilje	Breiddeutviding, møteplassar	Reguleringsplan pågår

## Askøypakken




Totalt  
**1300**  
mill. kr

2018  
**154,8**  
mill. kr

Føremålet med denne bompengepakken er å gje betre trafikkflyt og eit meir trafikksikkert vegnett på Askøy. Askøypakken er ein stor og omfattande pakke med mange ulike prosjekt. Kostnadsramma i stortingsproposisjonen for Askøypakken var på 1 300 mill. kr 2012-kr. Fylkeskommunen sitt bidrag i pakken er på 200 mill. kr, utan å rekne med meirverdiavgifta.

I 2018 vart prosjektet fv. 212 Lindhaugen-Slettebrekka og kollektivtiltaka Flagget og Grensedalen opna, og det var byggestart på fv. 563 Strømsnes-Hop. Samstundes har det vore prosjektering og grunnerverv på fleire prosjekt.



Tabell 8: Status prosjekt i Askøypakken

Kart 5: Askøypakken

Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018
1	Fv 563 Florvåg-Erdal (Bakarvågen)	Vegutviding, fortau	Ferdig
2	Fv 563 Strømsnes-Hop	Vegutviding, fortau	Under bygging
3	Fv 212 Lindhaugen-Slettebrekka	Vegutviding, fortau	Ferdig
4	Fv 212 Slettebrekka-Hetlevik	Ny veg, gang- og sykkelveg, tunnel	Prosjektering
5	Fv 562 Lavik-Haugland	Vegutviding, fortau	Prosjektering
6	Fv 213 Skiftesvik-Marikoven	Vegutviding, fortau	Prosjektering
7	Fv 562 Strusshamnkrisset	Rundkøyning	Ferdig
8	Fv 216 Skansen (Kleppe)	Vegutviding, fortau	Ferdig
9	Fv 562 Fromreide-Kjerrgarden	Vegutviding, fortau	Reguleringsplan føreligg
10	Fv 562 Fauskanger sør	Vegutviding, fortau	Reguleringsplan føreligg
11	Kollektivtiltak	Kollektivtiltak	Under bygging
12	Andre tiltak	Ikkje definert	Ikkje starta



Tabell 9: Innkravde bompengar Askøypakken

	Mill.kr.
Innkravde bompengar i 2014	17,1
Innkravde bompengar i 2015	91,0
Innkravde bompengar i 2016	84,8
Innkravde bompengar i 2017	93,9
Innkravde bompengar i 2018	90,9
<b>Totalt innkravde bompengar</b>	<b>377,7</b>




Fv. 212 Lindhaugen - Slettebrekka (foto: Geir Brekke)

## Nordhordlandspakken



Føremålet med Nordhordlandspakken er å betre vegnettet i Nordhordland med tanke på framkome og trafikktryggleik. Det er lagt opp til vegutbetring, bygging av gang- og sykkelveg, styrking av kollektivtrafikken, og å leggje til rette for meir miljøvennlege transportløyser. Kostnadsramma for pakken er på 1 500 mill. 2017-kr, fordelt på 280 mill. kr. fylkesmidlar, 1 160 mill. kr. i bompengar og 60 mill. kr i statlege midlar.

Nordhordlandspakken vart stadfesta i Stortinget i november 2017, og i 2018 er det etablert kontaktutval for styring av pakken. Det er starta bygging på prosjektet fv. 564 Undergang Holme, og det har vore planarbeid, prosjektering og grunnerverv på fleire prosjekt.



Kart 6: Nordhordlandspakken

Tabell 10: Status prosjekt i Nordhordlandspakken

Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018
1	Fv 565 Marås-Soltveit	Ny veg	Prosjektering
2	Fv 57 Knarvik - Isdalstø	Prosjektering og grunnerverv	Reguleringsplan føreligg
3	Fv 245 Fosse-Moldekleiv	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan pågår
4A	Fv 564 Fløksand-Vikebø	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan pågår
4B	Fv 564 Undergang Holme	Punktutbetring og trafiksikring	Prosjektering
5	Fv 564 Frekhaug-krysset inkl. utbetring fv 244	Punktutbetring og trafiksikring	Reguleringsplan pågår
6	E39 Knarvik sentrum	Firefelts veg og ny rundkjøring, mv.	Prosjektering
7	E39/fv 57 Kollektivtrafikk-tiltak og innfartsparkering	Park & Ride	Reguleringsplan pågår
8	Fv 565 (Austrheim)	Vegutbetring og trafiksikring	Under utgreiing
9	Fv 570 (Masfjorden)	Vegutbetring og trafiksikring	Under utgreiing
10	Fv 423 (Fedje)	Vegutbetring og trafiksikring	Under utgreiing
11	Fv 569 (Modalen)	Vegutbetring og trafiksikring	Under utgreiing
12	Fv 564 Fosse-krysset	Trafiksikring	Reguleringsplan pågår
13	Fv 409 Manger sentrum	Kollektivtiltak og tettstadsutvikling	Reguleringsplan føreligg
14	Fv 57 Vatnekrysset	Trafiksikring	Reguleringsplan føreligg
15	E39 Molvik-krysset	Trafiksikring	Reguleringsplan pågår
16	Fv 565 Lindås grense - Sæbø skule	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan pågår
17	E39 Vikane - Eikangervågen	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan føreligg
18	Fv 564 Sandskaret -Holme	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Ikkje starta
19	Fv 565 Hilland - Radøy grense	Vegutbetring, gang- og sykkelveg	Reguleringsplan føreligg
	Ramme til prosjekt og tiltak (Lindås og Meland)		Ikkje starta

## Andre strekningsvise prosjekt

Fleire andre større fylkesvegprosjekt var under arbeid i 2018. Status for desse prosjekta er lista opp i tabellen under.

Tabell 11: Status andre strekningsvise prosjekt

Fv. Nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018	Venta ferdig
-	Kollektivterminal Voss	Kollektiv	Under bygging	2019
Fv. 546	Austevollbrua	Tilskot	Ferdig	Ferdig
Fv. 218	Horsøy	Vegutbetring	Prosjektering	På vent
Fv. 6	Buamyrgrimstveit (Haugalandspakken)	Vegutbetring	Ferdig	Ferdig
Fv. 161	Åsen - Helleskaret, Os	Ny veg	På vent	

## RASSIKRING




I 2018 fekk Hordaland fylkeskommune tilsegn frå staten om 834 mill. 2018-kr til skredsikring, for perioden 2018-2023. Dette er eit netto tilskot. Fylkeskommunen løyver og får refundert meirverdiavgifta i kvart prosjekt.

I 2018 var det justerte budsjettet til rassikring 94,2 mill. kr. Totalt vart det brukt 46 mill. kr. inkl. mva. Mindreforbruket skuldast i hovudsak forsinkelse på prosjektet fv. 551 Furebergfossen bru, der kontrakt med entreprenør vart signert seint i 2018. I tillegg har det vore arbeid på fleire rassikringsprosjekt, mellom anna Kattedalen – Veravikja aust og Lindehåla på fylkesveg 7, og i Mundheim på fylkesveg 48.

### Furebergfossen

Fv. 551 ved Furebergfossen står øvst på behovslista over rassikringstiltak for fylkesvegane i Hordaland. Tilrådd løysing er å bygge ny bru som sikrar mot nedfall frå fossen. Reguleringsplanen vart stadfesta hausten 2017, og arbeidet har teke lengre tid enn venta, som følgje av krav om utgreiingar frå NVE. Kontrakt vart signert med entreprenør i 2018.




Rassikring i Mundheim.

# Fornyning og opprusting



I Investeringsprogram for fylkesvegane i Hordaland 2018 er den tidlegare potten «standardheving» slått saman med programområda og mindre utbetringar, til ei felles ramme «fornyning og opprusting».



Figur 3: Rekneskapstal fornyning og opprusting 2018

I Investeringsprogram for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen (2018) vart det løyvd om lag 300 mill. kr til fornyning og opprusting. Løyvinga til spesielt «førsterkningsprogrammet» er gradvis auka opp dei siste åra og dette er svært viktig for å kompensere for noko av dei negative konsekvensane som følgje av eit lågt vedlikehaldsbudsjett. Nokre prosjekt er forseinka, og nokre av midlane er gått til å få slutført prosjekt frå 2017. Det er også omdisponert midlar til tiltak som står for tur på prioriteringslistene når det er varsla mindreforbruk på prosjekt. Rekneskapstala viser at det vart nytta 286,1 mill. kr.

## MINDRE UTBETRINGERAR

Det vart nytta 30,6 mill. kr til mindre utbetringar i 2018. I stor grad er dette ulike samarbeidsprosjekt i lag med kommunane.

Fv. nr	Prosjekt	Type tiltak	Status 2018
Fv. 229	Nautnes bru	Øygarden	Ferdigstilt
Fv. 48	Hellandskrysset	Kvinnherad	Ferdigstilt
Fv. 201	Eide - Spildepollen	Sund	Ferdigstilt
Fv. 79	Onartun	Tysnes	Planlegging
Fv. 393/395	Møteplassar Eidsnes	Lindås	Avslutning
Fv. 57	Tunnelar mot Mongstad	Lindås	Ferdigstilt
Fv. 209	Foldnesvegen	Fjell	Prosjektering
Fv. 48	Tilskot Kvinnherad	Kvinnherad	Ferdig

## KOLLEKTIVTILTAK



Frå dette programområdet vart det nytta 16,2 mill. kr til å utbetre haldeplassar, leskur, snuplassar for buss, terminalar og knutepunkt. Særleg krav til universell utforming og mål om betre trafikktryggleik er viktige omsyn ved prioritering av tiltak. Det er særskilt behova for trygge skulevegar, gjennom gode haldeplassar for skuleborn, som vert utbetra. Spesielt viktig er haldeplassar/ knutepunkt som er mykje brukt og der trafikktryggleiken er utsett.

Det er eit stort behov for leskur på fylkesvegnettet i Hordaland. Dette behovet endrar seg gjerne i takt med ruteendringar i kollektivtrafikken og endringar i skulestrukturen, og er med det eit kontinuerleg arbeid.

Etablering av snuplassar og –sløyfer har fått eit større fokus enn tidlegare. Desse er etablerte i samråd med Skyss og operatørar i dei ulike rutepakkane. Tiltaka gjeld trafikktryggleik og effektivitet i drifta for operatørane.




## TRAFIKKSIKRINGSTILTAK



Det vart i 2018 nytta 20,6 mill. kr over programområdet mindre trafikksikringstiltak. I tillegg fekk Statens vegvesen ansvar for å gjennomføre nokre tiltak finansiert gjennom tilskotsmidlar til punktutbetring og trygge skuleveggar. Til saman utgjorde dette tiltak for 10,8 mill. kr. Utanom dette vart det utbetalt 9,3 mill. kr direkte til kommunane. Hovudmålet med trafikksikringstiltaka er å redusere ulukker med mjuke trafikantar, utforkøyrings- og møteulukker.

Nullvisjonen ligg til grunn for alt trafikksikringsarbeid, og det er særleg merksemd på reduksjon i drepne og hardt skadde. I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland er dei tre særskilte satsingsområda; trafikksikringsarbeid i kommunane, møteulukker utanfor tettbygde strom og mjuke trafikantar i byområde.



## MILJØTILTAK



Det vart nytta 0,8 mill. kr til mindre miljøtiltak som opprusting av rasteplassar i 2018. Arbeidet med Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 og tilhøyrande tiltaksprogram kjem også inn under dette programområdet.

Det største tiltaket i 2018 var opprusting av rasteplass i Ålvik langs fv. 7.



Sjøaure i Angeltveitvassdraget i Hordaland i 2012.  
Foto: Gisle Sverdrup, NJFF

## GANG- OG SYKKELTILTAK



Det vart nytta 28,2 mill. kr. til gang- og sykkeltiltak i 2018. Statlege sykkelmidlar utgjer ein del av løyvinga til gang- og sykkeltiltak og utgjorde i overkant av 6 mill. kr i 2018. Det er stor trong for gang- og sykkeltiltak, og små og mellomstore prosjekt vert prioriterte innanfor denne programposten. Større og samansette tiltak må prioriterast som sjølvstendige prosjekt.


Gang- og sykkeltiltak er arealkrevjande utanfor eksisterande veg, og det kan være utfordrande å avklare slike prosjekt sjølv om det er små prosjekt. Det er ofte trong for reguleringsplan. Skal ein fyrst lage reguleringsplan, er det hensiktsmessig å ta med ei større strekning for å sikre areal for framtida – noko som skapar forventningar om at det skal nyttast meir midlar enn det er dekning for på programområda. Det er difor krevjande å prioritere dei rette tiltaka under denne programposten.



Foto: Morten Wanvik

## PROSJEKT UNDER PLANLEGGING

Det var totalt nytta 21,2 mill. kr til planlegging i 2017. Kartet og tabellen under viser tiltaka. Nokre store planprosjekt i 2017 vert her omtalt nærare.



Kart 7: Prosjekt under planlegging 2018

Tabell 13: Prosjekt under planlegging (fortset på neste side)

Nr	Fv. nr	Planprosjekt	Type tiltak	Status	Ansvar
1	6	Grimstveit - Sveio sentrum	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan starta	SVV
2	48	Skånevik - Nesvåg - Flesjå	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan starta	SVV
3	48/544/551	Kvinnheradpakken	Vegutbetring, GS	Reguleringsplanar under arbeid	SVV/ Kvinnherad
4	57	Skodvin skule - Vågseid	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan starta	SVV
5	57	Lindås - Austrheim grense	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan starta	SVV
6	565	Alversund bru	Bru, vegutbetring	Kommunedelplan starta	Lindås kommune
7	561	Kolltveit - Ågotnes (gang- og sykkelveg)	Gang- og sykkelveg	Reguleringsplan starta	Fjell kommune

Nr	Fv. nr	Planprosjekt	Type tiltak	Status	Ansvar
8	562	Strusshamnsvatnet - Olsviktunnelen (kollektivfelt)	Kollektivfelt	Utgreiing	SVV
9	544	Vabakken - Leirvik sentrum - Ådland bru	Gateopprusting, samanhengande GS, kollektivterminal	Reguleringsplan vedtatt	SVV
10	544/68	Øvre Sæ - Tysevegen	Ny veg	Reguleringsplan starta	Stord kommune
11	67	Lønning - Sagvåg, Litlabøvegen	Vegutbetring, GS	På vent	SVV
12	545	Kommunegrensa Stord - Fitjar (Stord vestsida)	Vegutbetring	Reguleringsplan starta	SVV
13	Div	Sykkelbyavtalen Stord	Sykkeltiltak	Under arbeid	SVV
14	546	Storebø - Eidsbøen	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan ikkje starta	SVV
15	565	Grense Radøy - Lindås til Sæbø skule (Nordhordlandspakken)	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan starta	SVV
16	564	Flatøy terminal og innfartsparkering (Norhordlandspakken)	Kollektivknutepunkt	Reguleringsplan starta	SVV
17	564	Fløksand - Vikebø (Nordhordlandspakken)	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan starta	SVV
18	245	Fosse - Moldekleiv (Norhordlandspakken)	Vegutbetring, GS	Reguleringsplan starta	SVV
19	564	Frekhaugkrysset (Norhordlandspakken)	Punktutbetring og trafikkisikring	Reguleringsplan starta	SVV
20	23	Tverråna - Alvsvågkrysset (revidert Bømløpakken)	Vegutbetring	Reguleringsplan starta	SVV
21	542	Svortland sentrum (revidert Bømløpakken)	Samandbinding av GS i sentrum	Reguleringsplan starta	SVV
22	7	Tokagjelet (Steinsdalen - Tokagjelet - Kvamskogen)	Rassikring, vegutbetring og tunnel	Kommunedelplan starta	SVV
23		Ny vegvisning indre Hordaland	Skilplanar	Under arbeid	SVV
24	544	Ferjesambandet Stord-Kvinnherad	Ferjesamband	Under arbeid	HFK

Nokre store planprosjekt i 2018 vert her omtalt nærare.

### Fv. 7 Tokagjelet – utgreie tunneløysingar, Kvam

Det er utarbeidd eit forprosjekt for ulike løysingar for rasproblematikken i Tokagjelet, og prosessen med kommunedelplan pågår. Nokre av alternativa vil løyse utfordringar knytt til framkome mellom Norheimsund og Kvamskogen og trafikktryggleik på Kvamskogen, og vil soleis dekkje fleire formål enn berre rassikring.

### Fv. 565 Ny Alversund bru

Eksisterande Alversund bru er ei av dei kritisk skadde bruene som fagleg sett er tilrådd enten å skifte ut med ny bru, eller bruke mykje midlar i næraste framtid for å ruste opp gamal bru. Det er difor sett i gang kommunedelplan for ny Alversund bru.

### Fv. 48 Skånevik–Nesvåg, Etne

Målet med planen er vegutbetring med fokus på mjuke trafikantar i tettbygde strom, breiddeutviding og utretting av svingar. Det er gjort arkeologiske undersøkingar, og planforslaget vart sendt til Etne kommune i 2018.

## BRUER OG FERJEKAIAR



Det vart nytta 26,2 mill. kr til bruer og ferjekaiar i 2018. Mange av bruene og ferjekaiene på fylkesvegnettet har trong for opprusting. Det er 1149 bruer på fylkesvegane i Hordaland. Bruvedlikehald har vore, og er fortsatt, underfinansiert ut frå behovet, og mange bruer har fått forfalle i lang tid.

## TUNNELAR



Det vart nytta totalt 54,1 mill. kr til tunnelar i 2018, der 41,5 mill. kr til opprusting av tunnelar etter langsiktig plan, og 12,6 mill. kr. til sikringstiltak i tunnel. I tillegg vart det i HFK-rekneskapan ført 10 mill. kr til tunnelopprusting som var utført men ikkje bokført av Statens vegvesen, så reelt forbruk var 64,1 mill. kr.

Hordaland fylkeskommune har pålegg om å oppgradere tunnelane etter «Tunnelsikkerhetsforskriften». Forskrifta vart gjeldande for fylkesvegar frå 2015. Av dei 126 tunnelane på fylkesvegnettet i Hordaland er det 37 tunnelar som



fell innanfor utvalskriteria på minimum 500 m med trafikk på meir enn 300 køyretøy pr. døgn. I tillegg er det trong for å oppgradere fleire tunnelar med andre tiltak.



I 2018 vart det arbeid med opprusting av Hagaås- og Liarostunnelen på fylkesveg 7. Arbeidet er venta slutført i byrjinga av 2019.

## FORSTERKNING


I investeringsprogrammet for 2018 vart området «forsterkning» innført på investeringsbudsjettet, for å kompensere for manglande midlar til vedlikehald. Formålet er å ruste opp eksisterande vegnett som har forfalle over lengre tid, med sikte på å halde fylkesvegane opne for trafikk. Døme på tiltak kan vere drenering, stikkerenner, kummar, rekkverk, auke av bereevna på svake parti, og fornying av vegdekke som avslutning.

Under handsaminga av Investeringsprogrammet for 2018 auka Fylkestinget løyvinga til forsterkning til 80 mill. kr. og gjennom budsjettjusteringar vart løyvinga ytterlegare auka til 90 mill. kr. «Forsterkningsprogrammet» er svært viktig for å redusere noko av forfallet og ruste opp delar av fylkesvegnettet til ein litt betre standard. Bileta under syner nokre døme på forsterkningstiltak som er gjennomført i 2018.

Fv. 411 på Radøy er utvida, og har fått nytt dekke og rekkverk.



Langs fv. 393 i Lindås er fleire svingar utvida, og det er etablert møteplassar.



Fusa


Før



Fv. 123 i Fusa hadde øydelagde kantar, hjulspor og dårleg dekke. No er det nye murar, drenering og nytt dekke.








Voss


I Voss kommune har fv. 314 fått ny vegoppbygging, nye kantar og stikkrenner. Biletet syner arbeidet før asfalt vart lagt.



Undervegs




Kvam



Etter

Den gamle røybrua «Hjartå bru» på fv. 7 over Kvamskogen er skifta ut med ny bru/kulvert.



Askøy

Undervegs

Stongafjellstunnelen på fv. 562 på Askøy har fått ny vatn- og frostsikring. Bileta syner montering av PE-skum og dekking med sprøytebetong.



Etter



Før





Etter







Fv. 12 på Bømlo har fått nye møteplassar, kantforsterkning og nytt rekkverk.



Langs fv. 7 er gammalt og rusta rekkverk skifta ut.



Gammelt og lågt betongrekkverk er skifta ut med nytt rekkverk langs fv. 79 på Tysnes.





# Drift og vedlikehald av fylkesvegane



Store delar av fylkesvegnettet er gammalt, og med aukande trafikk og meir ekstremvær, er det eit stort behov for meir midlar til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029, som vart vedteke av fylkestinget i desember 2016, vart forfallet rekna til 7,3 milliardar kroner. Ved at forfallet aukar frå år til år, fører det til dårlegare tryggleik på vegnettet og ein kostnadsauke for utbetring av skadane. Estimerte kostnader til drift og vedlikehald for å oppretthalde vedlikehaldsstandarden på fylkesvegenettet, er langt høgare enn den årlege løyvinga.

Eit viktig hovudmål i Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029 er å stoppe veksten i forfallet. Ut frå behovet og dei økonomiske rammene som ligg til grunn, vil dette verte svært krevjande.


Arbeidet med drift og vedlikehald av fylkesvegnettet er styrt gjennom ulike drifts- og fagkontraktar. Ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, ligg hjå entreprenørane som har desse faste driftskontraktane. I samsvar med strategien har det overordna fylkesvegnettet noko høgare driftsstandard enn resten av vegnettet. I Bergen har til dømes hovudrutene for gang- og sykkelvegane, etter kontrakten, ein av Noregs beste standardar for vinterdrift.

Gjennom dei faste kontraktane vart det utbetalt 427,4 mill. kr. Til andre driftsoppgåver, som lys og straum på vegnettet, vart det nytta 80,4 mill. kr. På vedlikehaldssida vart det nytta 17,4 mill. kr til vegoppmerking, 79,1 mill. kr gjekk til nytt dekke, som rakk til 100,1 km asphalt. Det vart nytta 21 mill. kr til vedlikehald på nokre av dei 1149 fylkesvegbrune. Til anna vedlikehald som grøfter, drenering, kantar, murar, tunnelar og skilt, vart det nytta vel 38,4 mill. kr.

79,1 mill. kr rakk til 100,1 km med ny asphalt  
1 km nytt dekke = om lag 790 000 kr

**Hovudmålet i Strategi for drift og vedlikehald**


Hordaland fylkeskommune skal ha eit trafikkikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet. Det skal leggjast vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald. Drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal organiserast og utførast på ein måte som gjev liten økonomisk risiko og har god kvalitet.




Det vart totalt nytta 663,8 mill. kr til drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i heile Hordaland. Dette er eit meirforbruk på 101,6 mill. kr, samanlikna med budsjettet. Netto meirforbruket i HFK-rekneskapan vart lågare, i hovudsak på grunn av meir momskompensasjon en budsjettet. Årsaken til meirforbruket kan summerast opp slik:

- Den strenge vinteren med mange snøfallsdagar og rundt null grader har generert mykje brøyting og strøing. Inngåtte kontraktar er basert på erfaringstall med lågare hyppigheit for brøyting og strøing.
- Uvær og uventa hendingar har medført auka kostnader i høve til det som vart lagt inn i budsjettet.
- Høgare straumprisar enn det som var venta.
- Høgare oljepris gjer at det vart eit meirforbruk knytt til dekkelegging.
- Kritisk forfall førte til akutte behov for utskifting og feilretting på elektroinstallasjonar.
- Byggekostnadsindeks er mellom 4-5% høgare enn det som var lagt opp til i budsjettet.
- Det er fleire km fylkesveg å drifte etter kvart som nye fylkesveger vert ferdigstilte.


Figur 4: Utgifter til drift og vedlikehald i prosent fordelt på hovudtema




Figur 5: Driftsutgifter i prosent fordelt på hovudtema



Figur 6: Utgifter til vedlikehald i prosent fordelt på hovudtema



## DRIFTSKONTRAKTAR I HORDALAND




Kart 8/Tabell 14: Driftskontraktar i Hordaland

Område	Entreprenør	Kontraktperiode	Km veglengder		
			Totalt	Fv. Hordaland	GS-fv Hordaland
Haugesund *)	Mesta Drift AS	2013-2018	662	92,6	6,3
Indre Ryfylke *)	NCC Roads AS	2015-2020	750	71,9	0
ASOLA	Mesta Drift AS	2018-2023	517	300	47
Stor-Bergen	Stor-Bergen Vegdrift ANS	2015-2020	789	557	6
Nordhordland *)	Presis vegdrift AS	2013-2018	836	477	18
Stord	NCC Roads AS	2013-2019	656	549	46
Voss	Presis vegdrift AS	2014-2019	724	505	16
Hardanger	Mesta Drift AS	2016-2021	621	359	14

\*) Kontrakt i Haugesund, Indre Ryfylke og Nordhordland omfattar også vegar i nabofylket

Kart 9: Dekkelegging i Hordaland på riks- og fylkesveg i 2018





# Årsoppgjeret

## Årsoppgjeret for investeringar for fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen) 2018

Tabell 15: Årsoppgjeret for fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen) 2018

(tal i tusen kr)

Investeringsprosjekt	Rekneskap	Fylkeskommunale midlar (årets løyving)	Eksterne finansieringskjelder	Til disp 2018	Avvik (til disp. - rekneskap)
Strekningvisse prosjekt	319 603	-100 300	-244 513	-344 813	-25 210
Rassikring	46 014	-94 200	0	-94 200	-48 186
<b>SUM Prosjekt med eige løyving</b>	<b>365 617</b>	<b>-194 500</b>	<b>-244 513</b>	<b>-439 013</b>	<b>-73 396</b>
Mindre utbetringar	30 607	-24 427	-13 088	-37 515	-6 908
Tunnelar etter langsiktig plan for opprusting	41 496	-60 850	0	-60 850	-19 354
Sikringstiltak tunnel	12 590	-10 300	0	-10 300	2 290
Bruer og kaier	26 245	-43 126	0	-43 126	-16 881
Forsterkning	90 438	-89 329	0	-89 329	1 109
Kollektivtiltak	16 202	-21 300	0	-21 300	-5 098
Trafikksikringstiltak	20 620	-22 818	0	-22 818	-2 198
Gang- og sykkeltiltak	28 195	-20 650	-6 737	-27 387	808
Miljø og service	766	-1 200	0	-1 200	-434
Planlegging	14 799	-13 350	0	-13 350	1 449
Grunnerverv	4 151	-3 000	0	-3 000	1 151
<b>SUM Opprusting og fornying</b>	<b>286 109</b>	<b>-310 350</b>	<b>-19 825</b>	<b>-330 175</b>	<b>-44 066</b>
Punktutbetring og trygge skulevegar	10 769	-13 093	0	-13 093	-2 324
<b>SUM FYLKESVEGAR UTANOM BERGEN</b>	<b>662 495</b>	<b>-517 943</b>	<b>-264 338</b>	<b>-782 281</b>	<b>-119 786</b>

## Årsoppgjeret for drift og vedlikehald 2018 heile Hordaland

Tabell 16: Årsoppgjeret for drift og vedlikehald 2018 heile Hordaland

(tal i tusen kr)

	Rekneskap	Fylkeskommunale midlar (årets løyving)	Til disp 2018	Avvik (til disp. - rekneskap)
Drift - faste kontrakter	427 448	-369 795	-369 795	57 653
Drift - øvrig	80 371	-74 305	-74 305	6 066
<b>Sum DRIFT</b>	<b>507 818</b>	<b>-444 100</b>	<b>-444 100</b>	<b>63 718</b>
Vegoppmerking	17 444	-16 300	-16 300	1 144
Bruvedlikehold	21 006	-18 000	-18 000	3 006
Dekkelegging	79 134	-74 200	-74 200	4 934
Vedlikehald - øvrig	38 402	-9 600	-9 600	28 802
<b>Sum VEDLIKEHALD</b>	<b>155 987</b>	<b>-118 100</b>	<b>-118 100</b>	<b>37 887</b>
<b>SUM DRIFT OG VEDLIKEHALD</b>	<b>663 805</b>	<b>-562 200</b>	<b>-562 200</b>	<b>101 605</b>

\* Til disp. består av opphavleg løyving og budsjettendringar gjennom året

# Vedlegg

## Status for kollektivtiltak 2018

Tabell 17: Status for kollektivtiltak 2018

Fv nr	Prosjekt	Kommune	Status
<b>Terminalar, venterom, knutepunkt, snuplassar</b>			
404	Feste kai	Lindås	Ferdig
550	Smelteverkstomta	Odda	Prosjektering
43	Sunde terminal/innfartsparkering	Kvinnherad	Under bygging
	Husnes terminal	Kvinnherad	Utgreiing
153	Tarang aust	Austevoll	Ikkje starta
565	Hilland - Remme	Lindås	Prosjektering
Div	Innfartsparkering i Bergensområdet	Div	Utgreiing
<b>Oppgradering av haldeplassar</b>			
44	Husnes	Kvinnherad	Ferdig
44	Slettestølsvegen	Kvinnherad	Ferdig
7	Folkedal aust	Granvin	Ikkje starta
541	Rubbestadneset	Bømlo	Ferdig
561	Solsvik	Fjell	Prosjektering
163	Salbuvik	Os	Under bygging
567	Valestrandsfossen	Osterøy	Under bygging
567	Helldalstølen	Osterøy	Planlegging
68	Leirvik nye kyrkjegard	Stord	Ferdig
68	Stord sjukehus	Stord	Ferdig
47	Søre Våge	Sveio	Ferdig
312	Bulken skule	Voss	Ferdig
151	Kalvatre	Austevoll	Prosjektering
57	Lauvås	Lindås	Ferdig
250	Dale ungdomshus	Meland	Ferdig
201	Glesnes	Sund	Ferdig
551	Sundal	Kvinnherad	Ferdig
163	Nord- og Sørstraumen	Os	Ferdig
<b>Nye tildelingar i løpet av 2018</b>			
	Arna terminal	Bergen	Ferdig
57	Kaland skule, haldeplass	Austrheim	Ferdig
49	Eidesvågen, haldeplass	Kvam	Ferdig
546	Storebø sentrum	Austevoll	Ferdig

## Status for trafikksikringstiltak 2018

Tabell 18: Status for trafikksikringstiltak 2017

Fv nr	Prosjekt	Kommune	Status
<b>Trafikksikring - Tiltak etter trafikksikkerhetsinspeksjon</b>			
75	Øvrebygda - Kryss fv 75 mot Koløyholmen	Fitjar	Ferdig
544	Sæbøvik	Kvinnherad	Ferdig
<b>Trafikksikring - Fartsregulering (inkl.sikt-/skiltutbedring)</b>			
130	Tolomarka	Kvam	Ferdigstilt
561	Spjeld - Ågotnes	Fjell	Under bygging
397	Eikangervåg	Lindås	Ferdigstilt
7	Granvin - miljøgate	Granvin	Ferdigstilt
<b>Trafikksikring - Sikring av kryssingspunkt</b>			
68	Tysevegen	Stord	Ferdig
44	Kaldestad - Husnes bedehus	Kvinnherad	Ferdig
555	Forland	Sund	Klart til utlysing
311	Gjernes	Voss	Ferdig
544	Leirvik sentrum	Stord	Ferdig
546	Birkelandskrysset	Austevoll	Ferdig
49	Våge	Tysnes	Ferdig
552	Hatvikvegen	Os	Ferdig
<b>Trafikksikring - fortau</b>			
207	Bjørøy	Fjell	Prosjektering
6	Kryss Sveiogata / Fv 6 ved gamle Gravplass	Sveio	Ferdig
<b>Trafikksikring - Rekkverk</b>			
7	Steinstø	Kvam	Ferdig
520	Saudafjellet	Odda	Planlegging
7	Hisdal - Trengereid	Samnanger	Ferdig
561	Øygarden - utvalde punkt	Øygarden	Klart til utlysing
565	Alversund - Lundsdaalen	Lindås / Radøy	Ferdig
360, 365, 567, m.fl.	Osterøy - utvalde punkt	Osterøy	Under bygging
<b>Trafikksikring - Tiltak etter trafikksikkerhetsinspeksjon og andre tiltak</b>			
346	Mo skule	Modalen	Ferdig
244	Frekhaug - Sagstad skule	Meland	Prosjektering
121	Femanger	Fusa	Prosjektering
108	Huse	Ullensvang	Ferdig
49	Vikøy	Kvam	Prosjektering
<b>Nye tildelingar i løpet av 2018</b>			
216	Øvre Kleppevegen	Askøy	Ferdig
569	Stamnes skule	Vaksdal	Ferdig
572	Bruravik ferjekai - avkøyning	Ulvik	Ferdig
561	Spjeld-Ågotnes	Fjell	Ferdig
552	Heiane-Eikebakken	Fusa	Ferdig
49	Norheimsund	Kvam	Ferdig
49	Tørvikbygd	Kvam	Ferdig



## Status for gang- og sykkeltiltak 2018

Tabell 19: Status for gang- og sykkeltiltak 2018

Fv nr	Prosjekt	Kommune	Status
61	Skrivarvegen - fortau, G/S	Stord	Ferdig
94	Rommetveitvegen	Stord	Ferdig
49	Odland-Lidarende	Kvam	Prosjektering
160	Ulvensletta	Os	Ferdig
137	Hegglandsdalsvegen	Os	Prosjektering
7	Kvamskogen	Kvam	Utgreiing
	Utbetring etter sykkelveginspeksjonar		Under bygging

## Status for miljøtiltak 2018

Tabell 20: Status for miljøtiltak 2018

Fv nr	Prosjekt	Kommune	Status
7	Rasteplass Ålvik	Kvam	Ferdig
	Oppfølging av vassforskrifta		Planlegging
	Reiseliv		Disponert av HFK
	Støytiltak		Planlegging

## Status for standardhevingstiltak 2018

### Bruer og ferjekaiar

Tabell 21: Status for standardhevingstiltak 2018 - bru- og ferjekaiar

Fv nr	Prosjekt	Kommune	Status
382	Matredalen	Masfjorden	Ferdig
36	Litladalen bru	Etne	Ferdig
223	Herdlesundet	Askøy	Prosjektering
550	Eitrheim nord (tunnelportal)	Odda	Ikkje starta
34	Tendal	Etne	Under bygging
555	Bjelkarøy ferjekai	Fjell	Ikkje starta
62	Fjelbergøy ferjekai	Kvinnherad	Planlegging
<b>Nye tildelingar i løpet av 2018</b>			
43	Sunde ferjekai	Kvinnherad	Ferdig
312	Rekve bru	Voss	Prosjektering
550	Tørvikbygd ferjekai	Kvam	Prosjektering
550	Jondal ferjekai	Jondal	Prosjektering
543	Utbjoa ferjekai	Ølen	Prosjektering
200	Tofterøy	Sund	Ferdig

### Tunnelar

Tabell 22: Status for standardhevingstiltak 2018 - tunnelar


Fv nr	Prosjekt	Kommune	Status
<b>Opprusting av tunnelar etter langsiktig plan</b>			
7	Hagaås og Liaros	Samnanger	Avslutning
57	Lyngfjell	Lindås	Prosjektering
<b>Sikringstiltak i tunnel</b>			
207	Bjørøy	Fjell/Bergen	Under bygging
49	Stussvikhovda	Fusa	Ferdig
562	Olsvik og Stongafjell	Bergen / Askøy	Ferdig
551	Portalar Folgefonn og Svoldal	Kvinnherad	Ferdig

## Forsterkningstiltak 2018

Tabell 23: Status for forsterkning 2018

Fv nr	Prosjekt	Kommune	Status
381	Stordalen - Fossesvingane	Masfjorden	Avslutning
245	Grasdalen-Ådland	Meland	Under bygging
393	Eidsnes	Lindås	Under bygging
79	Uggdal - Onarheim	Tysnes	Ferdig
550	Aga -Kråkevik	Ullensvang	Under bygging
307	Palmafossen - Ørneberget - Rastalia	Voss	Ferdig
Div	Masser frå Istadmyrane, Voss - forsterkning	Voss	Under bygging
360	Osterøy, punktutbetringar	Osterøy	Ferdig
79	Onartun	Tysnes	Prosjektering
Div	Forkøyrsvog skilt		Under arbeid
Div	Diverse akutte strakstiltak + rekkverk		Avslutning
<b>Nye tildelingar i løpet av 2018</b>			
7	Hjartå II, gjennorrusta bru	Kvam	Ferdig
Div	Forsterkningstiltak Os, Austevoll og Osterøy	Os, Austevoll og Osterøy	Under bygging
Div	Forsterkningstiltak Fjell, Askøy og Sund	Fjell, Askøy og Sund	Under bygging
48	Forsterkningstiltak Fusa og Kvam	Fusa og Kvam	Ferdig
545	Forsterkningstiltak Stord og Fitjar	Stord og Fitjar	Ferdig
40/48/544	Forsterkningstiltak Kvinnherad	Kvinnherad	Under bygging
345	Forsterkningstiltak Modalen	Modalen	Ferdig
123	Fusa, utskiftning av massar og kantforsterkning	Fusa	Ferdig
549	Fusa, utskiftning av massar og drenering	Fusa	Ferdig
12	Bømlo, utskiftning av massar og kantforsterkning	Bømlo	Ferdig
19	Bømlo, utskiftning av massar og drenering	Bømlo	Ferdig
78	Tysnes, utskiftning av massar og kantforsterkning	Tysnes	Ferdig
83	Tysnes, kantforsterkning og stikkrenner	Tysnes	Ferdig
83	Tysnes, strakstiltak etter flaum	Tysnes	Ferdig
409	Radøy, utglidning av veg	Radøy	Ferdig
415/416	Lindås, kantforsterkning	Lindås	Under bygging
102/108	Ullensvang, utskiftning av massar og kantforsterkning	Ullensvang	Under bygging
550	Jondal, utbetring av setningsskadar	Jondal	Under bygging
404	Lindås, utglidde murer	Lindås	Under bygging
362	Revheim	Osterøy	Ferdig
135	Samanger, kantforsterkning	Samnanger	Ferdig
7	Kjellerbruene Øystese sentrum	Kvam	Avslutning
48	Handaland bru	Kvinnherad	Ferdig
562	Stongafjell, vann og frostsikring	Askøy	Under bygging
57	Lindås, drenering	Lindås	Ferdig
78	Skaten	Osterøy	Planlegging





**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

